



Eksamenstekst på nynorsk:

Eksamen (6 timar) 10. desember 2013, kl. 09.00-15.00

Oppgåvesettet består av tre delar. Du skal svare på alle spørsmåla under del A, og du skal i tillegg svare på del B eller del C. Éin del skal skrivast på bokmål, mens den andre delen skal skrivast på nynorsk (med mindre du har søkt om fritak). Du kan sjølv bestemme kva del du vil skrive på bokmål eller nynorsk.

Vekting:

Begge oppgåvedelane må vurderast til bestått for å kunne få samla karakter. Karaktersetjinga følgjer ECTS-skalaen og den norske kvalitative beskrivinga av bokstavkarakterane.

Hjelpemiddel:

Norsk-norsk ordliste (utan eigne merknader/markeringar)

Sider: 1 oppgåveark (nynorsk) + 1 oppgåveark (bokmål)

A) Obligatorisk (alle skal svare på denne delen)

Sjå på følgjande setningar og svar på alle delspørsmåla:

- 1) *Den flinke studenten løyser alle eksamensoppgåvene utan problem.*
- 2) *Gjer dette slik du har lært.*
- 3) *Kan du skrive pent slik at teksten blir leseleg?*

- a) Kva er den formelle forskjellen mellom desse tre setningane, kva kallar ein dei ulike setningstypane som desse setningane representerer, og kva for eit «konvensjonelt mål» forbind ein gjerne med den enkelte setningstypen?
- b) Ta utgangspunkt i ordet *alle* og forklar forholdet mellom lange og korte vokalar i norsk.
- c) Korleis vil du klassifisere verba *løyse*, *gjere* og *skrive* morfologisk?
- d) Lag ein morfologisk trestruktur av ordforma *eksamensoppgåvene*.
- e) Setning 2 inneheld ei relativsetning som er litt vanskeleg å oppdage. I kva tilfelle kan ein utelate ordet/leddet som viser oss at det er ei relativsetning?
- f) Lag ein form- og funksjonsanalyse (trestruktur) av setning 1.

Svar i tillegg på anten B eller C:

B): Grei ut om feltskjema som ein praktisk reiskap til setningsanalyse og grammatikkundervisning.

C) Grei ut om omgrepet «kommunikativ kompetanse» sett ut frå ein norsklærer sitt perspektiv.



Høgskolen i Hedmark
LUNA
Emne: Språk- og tekststrukturer

Eksamenstekst på bokmål:

Eksamen (6 timer) 10. desember 2013, kl. 09.00-15.00

Oppgavesettet består av tre deler. Du skal svare på alle spørsmåla under del A, og du skal i tillegg svare på del B eller del C. Én del skal skrives på bokmål, mens den andre delen skal skrives på nynorsk (med mindre du har søkt om fritak). Du kan selv bestemme hvilken del du vil skrive på bokmål eller nynorsk.

Vekting:

Begge oppgavedelene må vurderes til bestått for å kunne få samla karakter. Karaktersettinga følger ECTS-skalaen og den norske kvalitative beskrivinga av bokstavkarakterene.

Hjelpemiddel:

Norsk-norsk ordliste (uten egne merknader/markeringer)

Sider: 1 oppgaveark (nynorsk) + 1 oppgaveark (bokmål)

A) Obligatorisk (alle skal svare på denne delen)

Se på følgende setninger og svar på alle delspørsmåla:

- 1) *Den flinke studenten løser alle eksamensoppgavene uten problem.*
 - 2) *Gjør dette slik du har lært.*
 - 3) *Kan du skrive pent slik at teksten blir leselig?*
-
- a) Hva er den formelle forskjellen mellom disse tre setningene, hva kaller man de ulike setningstypene som disse setningene representerer, og hvilket «konvensjonelt mål» forbinder man gjerne med den enkelte setningstypen?
 - b) Ta utgangspunkt i ordet *alle* og forklar forholdet mellom lange og korte vokaler i norsk.
 - c) Hvordan vil du klassifisere verba *løse*, *gjøre* og *skrive* morfologisk?
 - d) Lag en morfologisk trestruktur av ordforma *eksamensoppgavene*.
 - e) Setning 2 inneholder ei relativsetning som er litt vanskelig å oppdage. I hvilket tilfelle kan man utelate ordet/leddet som viser oss at det er ei relativsetning?
 - f) Lag en form- og funksjonsanalyse (trestruktur) av setning 1.

Svar i tillegg på enten B eller C:

B): Grei ut om feltskjema som en praktisk redskap til setningsanalyse og grammatikkundervisning.

C) Grei ut om omgrepet «kommunikativ kompetanse» sett ut fra en norsklærer sitt perspektiv.